



Fylkesmannen i Ve

# **Oppmannsrapport etter fellessensur i Vestland**

**Sentralt gitt skriftleg eksamen**

**NOR0214, NOR0215, NOR1415**

**10. årstrinn 2019**

**Os 29. juli**

**2019**

**Margrethe Moe Sandven**

**oppmann i Vestland**

## Innleiing

Våren 2019 blei eksamen avvikla for første gong i det nye storfylket Vestland. Det skjedde etter gjeldande føresegner og retningslinjer for vurdering og eksamen i grunnskulen. Av totalt 9141 eksamenssvar (norsk, engelsk, matematikk) blei 4050 elevsvar i norsk vurderte; av desse 1943 i NOR0214, 1919 i NOR0215 og 188 i NOR1415. 56 sensorar i 14 sensorpar utførte vurderingsarbeidet.

Oppmannskorpset bestod av Margrethe Moe Sandven, Ole Wolff Wichstad, Mildrid Solstad og Olav Terum.

Rapporten bygger på innspel, kommentarar og drøftingar under fagsamlinga for sensorar 04.06.2019, oppmannssensurmøtet 16.06.2019, fellessensurmøtet 17.06.2019 og interne drøftingar i oppmannskorpset.

## Kommentarar til eksamenssettet i norsk skriftleg 2019

### **Vurdering av eksamen dette året**

Eksamensarbeidet er grunna i læreplanen, og for alle involverte – elevar, lærarar, sensorar – er det eit klart gode at samanhengen mellom læreplan (kompetansemål og grunnleggande ferdigheiter), eksamensrapport, eksamensrettleiing, førebuingmateriell og eksamen er så tydeleg. Følgeleg var alle dei nemnde involverte partane, i år som i fjor, mykje godt fornøgde med årets eksamenssett. I fjor blei det svært godt mottatt at tekstar frå førebuingsmaterialet blei direkte brukte i eitt av eksamenssetta. I år var bruken endå større, til glede for dei involverte. Alle elevar fekk noko å skriva om, samtidig som oppgåvene gav rom for løysing på ulike nivå.

### **Rettleiingsmaterialet**

Eksamensrettleiinga for 2019 er stort sett svært god. Saman med eksamensrapporten for 2018 gir ho klare og gode føringar og signal, ikkje berre om eksamen, men også om tilrådd opplæring fram mot den. Såleis er rettleiingsmaterialet ei god støtte, ikkje berre for eksaminandar og sensorar, men også for skular og faglærarar. Eit spørsmål melder seg følgeleg om ujamn kvalitet i eksamenssvara frå ulike skular delvis kan skuldast at den gode rettleiinga ikkje er like nøye studert og følgd alle stader.

I 2018 påpeikte sensorkorpset i Hordaland potensial for betring i matrisa. M.a. gjaldt det beskrivinga av vurderingsområdet «Formelle ferdigheiter» for karakteren 2. I oppmannsrapporten var det formulert slik:

«Det første punktet innan dette vurderingsområdet gir ikkje tilfredsstillande beskriving/rettleiing for elevar og sensorar. Dette fordi korrekt rettskriving av høgfrekvente ord og korrekt bruk av dei mest sentrale reglane i formverket gjerne nettopp er hovudutfordringane for elevar som ofte får karakteren 2. Her trengst ei nyansering, og sensorkorpset foreslår følgande:

- *har innslag av korrekt rettskriving av høgfrekvente ord og viser eksempel på korrekt bruk av dei mest sentrale reglane i formverket»*

Sensorkorpset i Vestland 2019 er av same oppfatning, så forslaget står ved lag. Sidan dette endringsforslaget har vore nemnt i oppmannsrapportar sidan 2016, og sidan det under førehandssensuren jamleg blir understreka kor viktig oppmannsrapporten er, og at signal frå den blir tatt til følge, håper vi no at forslaget vårt frå 2019 får ei realisering i 2020!

Frå Hordaland hadde vi i fjor også eit forslag m.o.t. vekting av vurderingsområda i matrisa. Det kjem vi tilbake til.

## **Førebuingdelen**

Førebuingdelen var i samsvar med det som var varsla i eksamensrettleiinga, og sensorane var godt fornøgde med det. Elevane blei gitt ei felles referanseramme i form av ord, uttrykk, tekstar, og med god rettleiing på førebuingdagen kunne førebuingmaterialet bidra til utjamning. Spesielt fint opplevde sensorkorpset det derfor at elevane kunne gjera seg nytte av tekstar frå førebuingmaterialet i oppgåvene.

## Oppgåvene

### Kommentarar til enkeltoppgåver

#### NOR0214

##### Del A

###### *Oppgåve A1*

Den tredelte oppgåvebestillinga er tydeleg og gir alle moglegheit til å svara. At sjølv oppgåveinstruksen no ikkje lenger er skriven med feit skrift, koplår han tettare til den innleiande informasjonen, som opererer med omgrepet «språklege verkemiddel». Elevar får dermed anledning til å visa høg kompetanse ved å visa fagkunnskap og bruk av fagspråk. Det kjem fram i dei beste svara.

###### *Oppgåve A2*

Å «oppsummera» hovudinnhald i tekst er eit kompetansemål, både etter 7. og 10.trinn, og skal dermed vera noko elevane har hatt rik anledning til å øva seg i. Denne oppgåva gir god tilleggsføring i form av stikkorda «kort» og «presist». I dei beste svara er føringane følgde.

##### Del B

Frå UDIR-hald var det sagt under sensorskuleringa at alle B-oppgåvene blei valde under årets eksamen. For Vestland stemte dette langt på veg, men det viste seg at klart færre elevar svarte på B4 enn på dei andre. B5 var det også ein del færre som hadde valt.

###### *Oppgåve B1*

Ei god oppgåve som skil godt mellom svara. Dei fleste greier å inkludera Brundtland-sitatet, færre meistrar det å drøfta.

###### *Oppgåve B2*

Denne oppgåva skil også godt mellom elevsvara. Svara fortel om vennskap, dei aller fleste om barndomsvennskap. At *to* personar skal sjå tilbake på denne vennskapen, og at han skal bli *utfordra* og *styrkt*, kjem ikkje like godt fram i svara.

### *Oppgåve B3*

To ord i oppgåva signaliserer ei positiv vinkling: (appen) *Nabohjelp* og («Min) *briljante* (nabo»). Dei aller fleste som har valt denne oppgåva, har tatt omsyn til desse signala, men éin og annan har brukt eit negativt ladd adjektiv i overskrifta si og late tekstinnhaldet samsvara med den. Om dette skulle verka negativt inn på vurderinga av svaret, og i så fall i kor stor grad, burde gjerne ha vore nærmare diskutert og avgjort under førehandssensuren. Sannsynlegvis ville det ha letta vurderingsarbeidet for sensorane, spesielt for nye.

### *Oppgåve B4*

Som sagt, var det heller få av elevane i Vestland som hadde valt denne oppgåva. I sensorskuleringa blei det understreka at analysedelen av oppgåva, «Beskriv og vurder korleis samspelet mellom tekst og bilete får fram budskapen», må vera på plass i eit fullgodt svar. Oppgåva gir elles moglegheit til å visa større eller mindre grad av fagkunnskap, f.eks. m.o.t. samansett tekst.

### *Oppgåve B5*

Sett ut frå fordelinga elles var det altså færre elevar i Vestland som svarte på denne oppgåva. Ho gir klare bestillingar, og i dei beste svara har elevane brukt relevante norskfaglege omgrep. Oppgåva skil klart mellom svara.

## **NOR0215**

### **Del A**

#### *Oppgåve A1*

Temmeleg mange hadde brukt utdraget i førehandsmateriellet i staden for vedlegget i oppgåvesettet. Kor mykje det skulle ha å seia for vurderinga, var også noko som gjerne kunne ha gått fram av førehandssensurrapporten, og såleis vore avklarande for sensorane. Elles er det kunnskap om språk og grammatikk som klart skil svar med høg grad av måloppnåing frå dei med middels.

### *Oppgåve A2*

Som i A2 i hovudmålssettet blir eleven også her bedt om å skriva *kort*, denne gongen i beskrivinga av Jamals oppleving. Dei fleste har greidd det på tilfredsstillande vis. Svar på høgt nivå får klart fram akkurat *opplevinga* til Jamal, ikkje berre sjølve endringane i bydelen. Også i denne oppgåva viser mange til utdraget i førebuingmaterialet.

## **Del B**

### *Oppgåve B1*

Mange hadde valt denne oppgåva, og det fantst svar på alle nivå. Haldningar til språk kom fram i dei aller fleste tekstane. Svara på bestillinga om formål var av meir varierende kvalitet.

### *Oppgåve B2*

Oppgåva blei løyst på ulike nivå. I dei beste svara viser eleven kompetanse ved å nytta ulike skrivemåtar, mens replikkvekslinga gjerne i vel stor grad dominerer i svar på lågare nivå. Dei fleste hadde fått fram misforståing, slik oppgåva krev.

### *Oppgåve B3*

Gode svar på oppgåva problematiserer innhaldet i sitatet og reflekterer utdjupande over kva det kan bety.

### *Oppgåve B4*

Her hadde elevane god anledning til å bruka den danske teksten i førebuingmaterialet som kjelde. Nokre har i så stor grad gjort det at direkte omsetting av kjeldeteksten utgjer ein stor del av svaret, for enkelte sitt vedkommande det meste av svaret. Så kan det diskuteras om det er ei svakheit ved oppgåva at ein faktisk kan svara relevant på bestillingane ved berre å gjengi innhaldet i kjeldeteksten. Uansett viser dei beste svara at eleven har blitt inspirert av den, og at vedkommande formulerer seg med eigne ord og vendingar i eit utdjupande svar.

Kommentarar til den praktiske gjennomføringa av sensuren

### **Fagsamlinga for sensorar 4. juni 2019**

I år var det Fylkesmannen i Vestland som organiserte sensorskuleringa. Bjørn Enaasen og Mads Tore Ingebrigtsen, representantar frå UDIR, stod for den faglege innleiinga. Oppmennene leidde fagsamlinga vidare, og sidan oppgåvene i nokon grad hadde blitt gjennomgått av representantane frå UDIR, valde dei å kutta ut den noko grundigare gjennomgangen av oppgåvene som tidlegare har vore fast innslag i programmet. Den gode intensjonen var å gi meir tid til vurderinga i grupper og til å få gjennomgått fleire oppgåver i plenum. Sjølv om intensjonen blei oppfylt, ser vi i etterkant at grundig gjennomgang av oppgåvene i plenum nok er av så stor verdi at posten må inn på programmet igjen neste år. At spørsmål og kommentarar til oppgåvene blir lufta og gitt svar på i plenum, vil erfaringsmessig verka avklarande for arbeidet i gruppene. Interessante vurderingsdiskusjonar i grupper og i plenum vitna uansett om engasjement og høg vurderingskompetanse blant sensorane og borgar for eit godt framtidig samarbeid i det nye fylket vårt.

### **Oppmannsmøtet 16. juni 2019**

Før sjølve oppmannssensuren møttest oppmannskorpsa i alle eksamensfaga for å førebu fellessensuren og for å utveksla erfaringar frå eksamen og drøfta kompetanse- og karakternivå i eksamensfaga. Eit slikt møte er verdifullt, og vi avgjorde å ha det på programmet også neste år.

### **Fellessensurmøtet 17. juni 2019**

Fylkesmannen i Vestland hadde ansvaret for effektiv og god gjennomføring av fellessensuren, som for siste gong blei avvikla på Storetveit skole.

Sensureringa i firargrupper fungerte også dette året svært godt. Sensorpara blei oppmoda om å sjå etter tendens til vurderingsskilnad, eksempelvis mellom 3(+) og 4(-), og så levera eit representativt utval til oppmannsgruppa tidleg for å setta ein standard. Dei blei også oppmoda om å bruka kvarandre i firargruppa i tvilstilfelle. Flest svar som blei

leverte til oppmannssensur, var følgeleg slike som er beskrivne ovanfor. Noko meir urovekkande var det når det var to karakterars skilje mellom sensorvurderingane, i enkelte tilfelle heile tre. Svært positivt likevel at meiningsutvekslinga mellom sensorane syntest å vera konstruktiv og formålstenleg, slik at avgjerda frå oppmannskorpset ikkje kom som noka overrasking på dei to, men at dei sjølve hadde enda på same konklusjon.

### *Forslag til tema for kommande eksamen*

- Mot
- Ansvar
- Identitet
- Mangfald
- Val
- Omsorg
- Bevegelse
- Reise

### *Fagfornyninga*

Ved spørsmål frå oppmannen kom det fram at ca. halvparten av sensorane hadde kommentert det siste høyringsforslaget. Dei som ikkje hadde gjort det, blei sterkt oppmoda om å studera det og komma med innspel, slik det framleis var anledning til. Alle hadde god erfaring med å bruka eksempeltektstar og var/blei uroa over at slike var fjerna i høyringsforslaget. At nabospråk såg ut til å vera tiltenkt eit svekt fokus, fall heller ikkje i smak hos sensorane.

### *Hjartesukk*

Det er tydeleg svært ulik praksis med nynorsk på dei ulike skulane. Enkelte elevar skriv i svara sine at dei ikkje har hatt opplæring i nynorsk, andre at opplæringa berre har skjedd i ein kort periode i 10. klasse. Særleg på skular der dei har nynorsk som sidemål, men også på skular der den målforma er hovudmålet, bør alle ta eit ansvar for opplæringa.



Under overskrifta *Rettleiingsmateriellet* blei det tidlegare i dette dokumentet nemnt eit Hordalands-forslag frå i fjor om endring i matrisa. Forslaget gjaldt vekting av vurderingsområda, og i oppmannsrapporten blei det i oppsummeringa uttrykt slik:

*Sidan skriveopplæringa i grunnskulen skal læra elevane å uttrykka seg klart og korrekt på nynorsk og bokmål, og sidan mange elevar har tydelege utfordringar på dette feltet, bør vurderingsmatrisa synleggjera at det reint språklege tel mykje. Eksempelvis kan det gjerast ved at vurderingsområda «Språk og stil» og «Formelle ferdigheiter» blir slått saman.*

Sensorkorpset i Vestland erfarte at det ikkje berre stod dårleg til med nynorsken i mange svar, men at også den generelle formuleringsevna var så som så, på begge målformene. Det kunne dreia seg om preposisjonsbruk, uttrykksblanding, ordstilling m.m. Ein sensor sa han til tider hadde følt behov for å kunna setta to karakterar, éin for det faglege innhaldet, ein betydeleg lågare for det språklege.

Førebels oversikt over eksamensresultata i Vestland viser ei opphoping av karakterane 3 og 4. Flest, heile 38,65 % (NOR 0214) og 40,75 (NOR0215), får karakteren 3. Denne opphopinga har vi sett i fleire år, og frå UDIR- hald blir det spurt om vi kanskje er for strenge i sensuren. Noko tankevekkande er det uansett at vi ikkje ser signifikant betring i karakterfordelinga, trass i at alle involverte partar etter kvart er svært fornøgde med eksamensforma som er utvikla, og med arbeidet i tilknytning til eksamen. Spørsmålet er om vi er for strenge, eller om eit betydeleg fleirtal av svara faktisk ikkje viser høgare kompetanse enn at «nokså god» eller «god» blir relevant beskriving. Som kjent er det den *samla* kompetansen vi skal vurdere og setta karakter på, og vi ser at f. eks. manglande/mangelfulle svar på oppgåvebestillingar saktens kan slå negativt ut på vurderinga for mange. Likevel tilseier vår erfaring at det er grunn til å leggja inn ein ekstra innsats for det språklege.

Det er snart ti år sidan stortingsmeldinga «Mål og meining» blei behandla i Stortinget. På den tida har det skjedd vesentlege samfunnsendingar som sannsynlegvis verkar inn på det norske språket og brukarane av det. Éi av desse er at heile samfunnet er langt meir gjennomdigitalisert enn det var for berre eit tiår sidan. Den gjennomsnittlege ungdomsskuleeleven skriv meir i dag enn han gjorde tidlegare, men det meste av skrivinga skjer gjerne i sosiale medium, der det ikkje er krav om korrekt språkbruk. M.a. er det greitt å bruka dialekt og engelske ord/uttrykk. Syntaksen er det heller ikkje så nøye med.

Norske ungdommar viser i aukande grad meistring av det engelske språket, sannsynlegvis med spel og annan aktivitet på nettet som ein utslagsgivande faktor, mens det å forstå nabospråka våre etter kvart synest å vera vanskelegare for dei unge. Eksempelvis viser ei fersk undersøking frå Språkrådet, publisert våren 2019, at så mange som éin av tre nordmenn under 30 år ofte vekslar til engelsk i møte med ein danske. (Inger Marie Dybvik Gondrosen og Anna Katrine Olerud: «Vil fagfornyelsens mål gjøre at elever bedre forstår nabospråkene?». I: *Norsklæraren* nr.2 2019: 52-56.) Trass i denne tendensen viser det siste høyringsforslaget i fagfornyinga eit klart svekt fokus på nabospråk. Mens ungdommane i kvardagsliva sine i stadig aukande grad blir eksponerte for engelsk, ser fagfornyingsforslaget altså ut til å svekka merksemda på slektskapen mellom nordiske språk. Eit tap, slik vi ser det, sidan denne merksemda til no m.a. har gitt anledning til grundigare studium av formverk, ortografi og syntaks i det norske språket, i samanlikning med nabospråka.

Med det ovannemnde som bakteppe meiner vi altså at det trengst ein ekstra innsats i opplæringa i det normerte norske språket. I den gjeldande læreplanen er det å «meistre sentrale reglar i formverk og ortografi og skrive tekstar med variert setningbygging og funksjonell teiknsetting» eit kompetansemål etter 7. trinn, tre år før elevane skal visa denne kompetansen ved eksamen. Akkurat når i skuleløpet dei same reglane i sidemålet skal meistrast, seier ikkje planen noko eksplisitt om. Etter alt å dømma burde han det. Dessutan: Pr. i dag er signala frå styresmaktene at nynorsk framleis skal vera eitt av skriftspråka i Noreg, og at skulen skal driva opplæring i den målforma, likestilt med den i bokmål. For å ta relevante politiske signal og føringar på alvor foreslo sensorcorpset i Hordaland for eit par år sidan, via oppmannsrapporten, at omgrepa *nynorsk* og *bokmål* alt frå starten burde vera dei som blei nytta i opplæringa, ikkje *hovudmål* og *sidemål* som jo ikkje indikerer ei likestilling mellom målformene. Sensorcorpset i Vestland sluttar seg til forslaget, som herved blir oppretthalde.

## Oppsummering

Samla sett blei eksamen og sensurering avvikla utan vanskar. Elevar, faglærarar og sensorar var svært tilfredse med førebuingmateriell og oppgåver. Eksamensretteiinga er også god, men i matrisa trengst det endring i beskrivinga av vurderingsområdet «Formelle ferdigheiter» for karakteren 2. Sidan skriveopplæringa i grunnskulen skal læra elevane å

uttrykka seg klart og korrekt på nynorsk og bokmål, og sidan uroande mange elevar har tydelege utfordringar på dette feltet, bør ho dessutan synleggjera at det reint språklege tel mykje. Eksempelvis kan det gjerast ved at vurderingsområda «Språk og stil» og «Formelle ferdigheiter» blir slått saman. Sensororpset i Vestland foreslår også at målformene sine namn, *nynorsk* og *bokmål*, er dei som blir nytta i opplæringa gjennom heile grunnskulen, og at omgrepa *hovudmål* og *sidemål* går ut.

Os, 29. juli 2019

Margrethe Moe Sandven,  
oppmann i Vestland